



Fyrste øvinga i Aktivitetshuset tidlegare i månaden

Ein stor del av elevane ved skulen vår kjem til å syngja under den store jubileumskonserten klokka 17 i morgon kveld søndag i kyrkja. Dei vert leia av 3 anerkjente musikarar: Fylkesmusikar Reidun Horvei, fylkesmusikar Øyvind Lyslo og organist Eva Myguesi.

Elevar og lærarar kjem til å framføra ein mektig presentasjon av 11 religiøse folkesongar, 2 av dei av irsk bakgrunn. *Jubelsang med himmelsk klang* er mottoet som ligg til grunn for dette unike samarbeidet som spring ut av hundreårsmarkeringa.

- Kom og bli med oss i kyrkjerommet og opplev korleis folketonane opnar opp sansane våre og tek inn både fortid, notid og framtid lyder appellen frå soknerådet og jubileumsnemnda.til kyrkjelyden

Med andre ord vil jubileumsmusikken vera tidlaus i Uskedalskyrkja søndag. Men vi vil ikkje verta overraska om popularitetstoppen vert okkupert av Danny Boy!

[Les utsendt Pressemelding](#)

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Reidun Horvei har ingen problem med å engasjera dei unge elevane